SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Solund kommune

Askvoll KOMMUNE

Flora kommune

Fiskeridirektoratet
Kyst- og havbruksavdelingen
Att: Anne B. Osland
Postboks 185 Sentrum
5804 BERGEN

16. november 2018

Vedr.: Nekst AS sin søknad om utviklingskonsesjonar

Vi viser til Fiskeridirektoratet sitt brev til Nekst AS datert 19.10.2018, ref. 16/13109, med delvis avslag på søknad om utviklingskonsesjonar for konseptet «Havliljen».

Vi forstår det slik at Nekst påklagar direktoratet sitt vedtak. Dei underteiknande ordførarar ønsker med denne fråsegna å peike på viktigheita av at prosjektet vert realisert av samfunns- og næringsomsyn.

BAKGRUNN
Fylkeskommunen og dei involverte kommunane har samarbeidd godt med selskapet Nekst sidan oppstarten i prosjektet. Det er lagt til rette for prosjektet i vårt fylke både på land og i sjø, ettersom tiltaket er heilt i tråd med sentrale styresmakter sine føringar for ei meir berekraftig vekst i norsk havbruk.

UTVIKLING I RAUD SEKTOR
I Sogn og Fjordane er havbruk ei tradisjonsrik og særs viktig næring. Diverre har våre sjø- og havområde store utfordringar med tanke på luseproblematikken, slik at vi ligg raud sektor i det nye trafikklyssystemet som vart innført i 2017. Det er difor varsla reduksjon i vårt område på 6 prosent framtida. Dette vil ha store konsekvensar for verdiskaping og arbeidsplassar, ikkje berre hjå oppdrettarane men i heile verdikjeda i vårt fylke.

Aktørane i fylket er difor tvinga til å tenkje nytt og utvikle nye løysingar. Nekst er, etter det vi forstår, den einaste søkaren frå Sogn og Fjordane som ligg an til å få tildelt utviklingsløyve. Det er synd det ikkje er fleire, og desto viktigare at Nekst får høve til å prøve sine løysingar her under dei lokale tilhøva.

Selskapet sitt prosjekt med ny teknologi både for landbasert produksjon og spesielt for havbasert oppdrett kan gje svært nyttig informasjon og nye løysingar som kan takast i bruk av andre aktørar både nasjonalt og ikkje minst lokalt. Då kan vi få ein ny generasjon havbruk med teknologi som er meir rømmingssikker og lusesikker i våre område.

Kommunane Solund og Askvoll ligg med sine havareal rett i tilknyting til store fjordsystem som leiar inn til dei største lakseførande vassdraga i landet. Målet i våre område må difor vere å legge til rette for produksjon som reduserer faren for rømming og samstundes produserer på ein berekraftig måte. Dette er i tråd med Fiskeridirektoratet sin «visjon nullflukt» og sentrale miljømål for å hindre genetisk påverknaden på villaksen, og samsvarar med Fylkesmannen si vurdering knytt til handsaming av sjølokalitetar i høvet Nekst.

Vi vil også vise til statssekretær Lars Jacob Hiim i Kommunal- og moderniserings-departementet sin uttale på Plankonferansen 2018 i Bergen nyleg, der han poengterte at det er «*… viktig å legge til rette for vekst også i rød sone*».

Til slutt vil vi hevde at tiltak for å finne nye løysingar med tanke på lus og rømming spesifikt i raud sektor vil gje styrka legitimitet til trafikklysmodellen som sådan.

For å utvikle miljømessig, teknologisk og økonomisk berekraftige løysingar i raud sektor, er det svært viktig at Nekst sitt prosjekt vert realisert.

SAMFUNNSNYTTE OG NÆRINGSUTVIKLING
Laksetildelingsføreskrifta legg opp til at det i samband med tildeling av nye konsesjonar skal takast omsyn til samfunns- og næringsutvikling i dei berørte områda.

Nekst si satsing vil få store ringverknader både for leverandørindustrien og for skule- og utdanningsmiljøet i fylket. Ei investering på anslagsvis 3 milliardar kroner og over 100 nye arbeidsplassar blir den største industrisatsinga i Sogn og Fjordane på fleire tiår.

Fylkeskommunen har i lengre tid arbeidd systematisk for å fremje ny vekst i dei viktigaste næringsområda i fylket. Viktige dokument er:

- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2025
- Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane 2018–2029
- VERDISKAPNINGSANALYSEN FOR HAVBRUK – SFJ, utarbeidd av Høgskulen på Vestlandet

Nokre av dei viktigaste funna i analysane er:

- *Fylket har lågast arbeidsplassvekst i landet. Primærnæringane, industrien og andre næringar som konkurrerer på ein nasjonal og internasjonal marknad, har hatt ei svakare arbeidsplassutvikling enn det vi kunne vente ut frå tendensen nasjonalt.*

Kommentar: Ei nedskalering på 6 prosent av oppdrettsindustrien gjennom trafikklysmodellen vil råke Sogn og Fjordane svært hardt, og noko må gjerast for aktivt å motvirke ei slik utvikling.

- *Sogn og Fjordane ligg lågast i landet når det gjeld tal nyetablerte verksemder.*
  Kommentar: Nekst og deira partnarar innan forsking og industri legg stor vekt på nyskaping. Saman med det lokale næringsutviklingsselskapet Aksello, med deira inkubator, tek ein sikte på å dyrke fram nye forretningsidear med stort potensial for nye verksemder.

- *Tilgang til privat risikoviljug kapital er ei utfordring.*
  Kommentar: Sogn og Fjordane fylke er avhengig av verksemder som Nekst som med bakgrunn i sitt prosjekt kan hente kapital i den nasjonale og internasjonal marknaden.

- *Flinke folk er den viktigaste ressursen vår. Hovudstrategien er difor:*
  - *Nyskaping basert på dei naturgjevne fortrinna vi har, kombinert med*
  - *Å vere attraktiv for folk som vil skape arbeidsplassar.*

- *Satsing på sjømatnæringa krev vidareutvikling av utdanningssystemet. Det er ønskjeleg med formalisert samarbeid mellom vidaregåande opplæring og høgskule/universitet og mellom utdanningsinstitusjonane og næringslivet.*
  Kommentar: Måløy Vidaregåande skule, NTNU og Høgskulen på Vestlandet med deira satsing på havrelatert utdanning er nokre som Nekst allereie har etablert god kontakt med, i form av bachelor-oppgåver etc.

Nekst si satsing er difor heilt i tråd med fylket sine planer og føringar. Selskapet kan såleis bli ein motor i heile regionen i ei tid då Sogn og Fjordane kan gå inn i ein stagnasjon knytt til vidare verdiskaping og vekst i havbrukssektoren.

Konklusjon: Fylkesordføraren og ordførarane i dei involverte kystkommunane står samla bak kravet frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane: ***«Fylkesutvalet ber om at Fiskeridirektoratet og Fiskeridepartementet medverkar til at det blir tildelt tilstrekkeleg med utviklingskonsesjonar slik at prosjektet kan realiserast med full utbygging.»***

Leikanger, Askvoll, Solund og Flora, 16. november 2018

Jenny Følling	Ole Andre Klausen	Gunn Mongstad	Ola Teigen
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Askvoll Kommune	Solund Kommune	Flora Kommune
Fylkesordførar	Ordførar	Ordførar	Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.